


# Samhandlingsavvik frå 2018

Erfaringskonferansen på Skei februar 2019

11.02.2019 Irene Barmen Hoel



## Framlegg til ny kategorisering:

I Helse Vest blir alle samhandlingssaker kategorisert for å kunne lage gode statistikkar.


Men kategoriane som har vore vedtekne har ikkje vore tilpassa sakene som blir meldt.

Vi har derfor starta arbeidet med å finne nye kategoriar som er tilpassa saker som blir melde i dag.

Nivå 1	Nivå 2	Tal saker i 2018
<b>Hendelse ved innlegging</b>	Transport	9
	Henvisning	15
	Legemiddelliste	1
	Samstemming av legemiddelliste	6
	Helseradiobruk	5
	Informasjon om smitte	4
	Informasjon annet	4
	Kommunikasjon	10
	Pasientflyt/pasientlogistikk	7
	Annet	7
	Melding av pasient	6
	Dokumentasjon fra Pleie/omsorg	1
	<b>Hendelse ved opphold</b>	Samarbeidsmøte
Elektron. kommunikasjon til kommune		8
Tilbakemelding fra kommune		1
Annet		0

<b>Hendelse ved utskriving</b>		<b>Antall saker i 2018</b>
	Legemiddelliste	20
	Medisiner	10
	Resept	5
	Varsel knyttet til utskrivingsklar pas	4
	Annen dokumentasjon	6
	Varsel knyttet til utreise	7
	Transport	1
	Hjelpemiddel / utstyr	7
	Annet	3
	Smitte	1
	Rekvisisjon til kommunen	2
	Samstemming av legemiddelliste	1
	Kommunikasjon	1
	Epikrise	5
<b>Annet innen samhandling</b>	Brevkommunikasjon	2
	Sending av laboratorieprøver	2
	Behandling av pasient	16
	Annet	3
	Feilsending av sensitiv informasjon	5
	Tverrfagleg team	0
	Faktura utskrivingsklar pasient	1

# Grov-kategorisering av samhandlingssakene i 2018



## Utvikling av melde samhandlingssaker dei siste ni åra

År	Melde av Helse Førde	Melde av kommunar	Sum
2010	15	32	47
2011	19	55	74
2012	14	83	97
2013	29	88	117
2014	241*	84	325*
2015	144*	102	246*
2016	81	84	165
2017	60	115	175
2018	68	115	183

\* Mange av desse sakene gjeld manglande bruk av helseradio

## Eksempel på samhandlingsavvik melde av Helse Førde

- Ein pasient som bur på hemmeleg adresse fekk bestilt pasientreise gjennom det ordinære pasientreisesystemet. Då var ikkje adressa lenger hemmeleg, for det er mange som har innsyn i systemet. Her skulle pasienten sjølv bestilt drosje, og fått pengar tilbake i ettertid.
- Ein kommune hadde ein pasient som hadde fått tildelt ein oksygenkonsentrator. Då denne pasienten ikkje trong maskina lenger, blei maskina lånt vidare til ein annan pasient i kommunen som også trong oksygen. Det skal ikkje gjerast, for desse maskinene skal ha individuell innstilling tilpassa av spesialist, og skal vere registrert på rett pasient.

## Eksempel på samhandlingsavvik melde av Helse Førde til legekontor

- Sjukehuset sende ut til kommunen svar til fastlege om at ein pasient hadde kreft. Men fastlegen hadde då blitt pensjonist, og ingen las svaret. Kreftbehandlinga blei forsinka.
- Eit legesenter hadde ein pasient som skulle innleggast på sjukehus akutt. Pasienten hadde ansvar for eit lite barn som også var med til legen. Kven skulle ta ansvar for barnet når forelderen blei sendt til sjukehus med ambulanse? Til slutt blei det ordna med drosje slik at barnet kom heim til familien.
- Legen melde ikkje frå til sjukehuset om at ein pasient var på veg for innlegging. Sjukehuset var ikkje klar til å ta mot ny pasient då pasienten kom.

## Eksempel på samhandlingsavvik melde av kommunane

- Sjukehuset sende heim ein pasient utan å informere kommunen. Pasienten tok ikkje kontakt med heimesjukepleia for å fortelje at han var komen heim. Det tok litt tid før heimesjukepleia forstod at han var komen heim, og kunne hjelpe pasienten med medisinarane sine. Melding om utskriven pasient vart ikkje gitt.
- Ein pasient hadde fått ei hovudskade og hadde synsforstyrningar. Legevakta ringte til sjukehuset og snakka med augelege. Men augelegen viste til nevrolog. Nevrologen viste til ortoped. Det er ortopedisk avdeling som har ansvar for akutte hovudskader. Sjølv ikkje alle i sjukehuset veit det.
- Ein sjukeheimspasient var på sjukehuset til kontroll etter brot. Ingen restriksjonar blei gitt. Tre veker seinare kom beskjeda om at brotet i armen ikkje var grodd, og at pasienten skulle ikkje belaste den. Då hadde pasienten belasta armen.
- Ein kommune fekk melding om særleg ressurskrevjande brukar. Dei fekk tre veker på seg til å stille med nattevakt kvar natt i heimen til pasienten.




## Eksempel på samhandlingsavvik melde av kommunane

- Sjukehuset sende e-melding til kommunen om ein pasient, men kommunen fekk ikkje meldinga. Årsaka var at sjukehuset ikkje hadde sjekka at dei hadde fått applikasjonsmelding som kvittering på sendt sak.
- Ein kommune fekk ein pasient heim tidlegare enn tidlegare avtalt. Ikkje alle hjelpemiddel var klare då pasienten kom heim.
- Ein pasient tok røntgen thorax. Der blei det avdekka livstrugande tilstand. Denne informasjonen blei formidla til fastlegen via e-melding, ikkje telefon. Fastlegen oppdaga meldinga dagen etter, og pasienten blei raskt innlagt i sjukehus.
- Ein pasient med akutt blodpropp blei sendt heim utan Fragmin og OxyContin. Kommunen fekk ikkje tak i medisin før apoteket opna neste dag.


## Eksempel på samhandlingsavvik med fleire instansar involvert

- Ei ulukke med fleire skadde, kaotisk situasjon. Dei involverte var ikkje i familie med kvarandre. Ein døydde og andre blei innlagt i sjukehus utan å vite om tilstanden til alle andre involverte. Dei overlevande klaga på at dei ikkje fekk informasjon om dødsfallet frå sjukehuset, men måtte lese om det i media.  
Kven hadde ansvar for å informere dei overlevande om at ein i gruppa var død, når dei overlevande ikkje var definert som næraste pårørende?
  - Var det kommunen med kriseteam?
  - Var det sjukehuset som hadde dei involverte innlagt?
  - Var det politiet som hadde leiing på skadestaden?
  - Har andre involverte rett til informasjon om tilstand til dei som dei ikkje er i familie med?
  - Kva er det opplysningsplikt om, og kva er det teieplikt om?


# Kommunar som har meldt saker til Helse Førde i 2018




# Avdelingar det er meldt saker til frå kommunane i 2018




# Avdelingar som har meldt saker til kommunane i 2018




# Kommunar som Helse Førde har meldt saker til i 2018



# Avdelingar som ikkje har svart ut saker frå kommunane frå 2018




# Kommunar som enno ikkje har svart ut saker frå Helse Førde i 2018






# Kommunar som ventar på svar frå Helse Førde



# Avdelingar som ventar svar frå kommunane



**Takk for meg!**

